

Årsmelding NGIR

2015









Foto: Mabel Johansen



Innhold

Forord	3
Organisasjonen	4
Styret	4
NGIR er til for deg	5
Eit naturleg val	5
NGIR og miljøet	6
NGIR som arbeidsgjevar	8
Personale og arbeidsmiljø	8
Ytre miljø	9
Avfallsmengder og gjenvinningsgrad	10
Gjenvinningsstatistikk for hushaldsavfall	11
Rekneskap	12
Resultat	13
Fordeling av inntekter og kostnader	14
Resultatrekneskap	15
Balanse per 31.12.	16
Notar til rekneskapen	17
Kontantstraumanalyse 01.01. - 31.12.	21
Revisjonsmelding	22-23
Representantskap 2015	24

Forord

I 2015 engasjerte NGIR seg i strandrydding. Det vart sett av midlar og personell til arbeidet, som var finansiert av inntekter frå næringsavfall. NGIR har ikkje lov til å nytta inntekter frå renovasjonsgebyr til å finansiera opprydding. Engasjementet var stort, og det vart rydda om lag 32 km kystlinje og samla inn 23 000 kilo avfall i 31 ulike ryddeaksjonar. Alle aksjonane vart registrert i kart, og er publisert på nordhordlandskart.no.

NGIR har dei seinare åra brukt kart meir og meir aktivt, ikkje berre til internt bruk, men også publisert til nytte for publikum. På nordhordlandskart.no ligg det informasjon om kvar alle hyttekonteinarar er, glas- og metallkonteinarar, kvar vår- og haustrydderutene går, farleg avfallruter med meir.

I 2015 var avsetjing av treverk vanskeleg. Forbrenningsomnane som brenn treflis hadde store lager, og tok i mot mindre råstoff enn tidlegare. Dette førte til at NGIR hadde eit stort lager med treverk ved utgangen av året. Det er difor sett av over ein million kroner i rekneskapen for 2015 til å dekkja kostnader som kjem i 2016.

NGIR skal byggja reinseanlegg, og utpå hausten 2015 vart reguleringsplanen for området godkjent. Det har vorte arbeidd med prosjektering av reinseanlegget, men anlegget må liggja på eit område som NGIR i dag ikkje eig, og ein kom i 2015 ikkje i mål med å erverva dette arealet.

26. september byrja det å brenna i ein haug med restavfall (truleg frå ein gjenvinningsstasjon) i omlastingshallen i Kjevikdalen. Våre

tilsette starta med sløkkingsarbeidet og dempa spreiding til brannvesenet kom, men store delar av omlastingshallen vart skadd. NGIR har termokamera som ein del av kameraovervakinga, og videoopptaket viser ei eksplosiv utvikling, noko som kan tyda på at det kan ha vore pyroteknisk utstyr (til dømes ein naudrakett) som vart utløyst av ein hjullastar. Slikt utstyr skal ikkje leverast til NGIR sine gjenvinningsstasjonar, og pyroteknisk utstyr kan gjera stor skade dersom det vert handsama feil. Forsikringa dekkjer skadane, men brannen har påført organisasjonen mykje ekstraarbeid.


NGIR har lagt ned ein del ressursar i å betra kameraovervakinga, og uønska trafikk både i Kjevikdalen og på gjenvinningsstasjonane har gått monaleg ned. Dette bidreg positivt både i form av mindre opprydding og reparasjonar, og i form av mindre økonomisk tap. I tilfellet med brannen kunne NGIR også dokumentera overfor forsikringsselskapet korleis brannen oppstod, og at dette ikkje var ein brann som var påsett.

Eg vil nytta høvet til å takka alle tilsette, samarbeidspartar, eigarkommunar og styrande organ for godt og konstruktivt samarbeid i 2015.

Erlend Kleiveland
Dagleg leiar



Organisasjonen



Styret

Helge Fjellanger
(Styreleiar)

Kari Torkildsen Utkilen

Vigdis Søvik

Ottar Skjelvik
(Nestleiar)

Kristin Handeland



NGIR er til for deg

Avfallsinnsamlinga er i Noreg eit kommunalt ansvar. Dei sju Nordhordlandskommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy, samt Gulen og Solund i Sogn og Fjordane, har gått saman om å løysa denne oppgåva gjennom NGIR.

NGIR freistar å leggja til rette ordningar som er praktiske for kundane, som gjev rom for miljømessig god avfallshandsaming og som gjev god samfunnsøkonomi. I mange høve er dette mål som er moglege å kombinera.

Eit naturleg val

Hushald og hytter pliktar å levera avfallet sitt til dei kommunale ordningane. Verksemdar kan derimot velja om dei vil nytta kommunale tenestetilbod, eller tilbod frå andre aktørar i marknaden.

NGIR sine eigarkommunar har alltid meint at NGIR bør tilby avfallstenester ikkje berre til hushalda i regionen, men og til næringslivet. Selskapet er difor ein aktiv aktør i denne marknaden, og kan med glede registrera at langt dei fleste verksemdar i NGIR-kommunane vel nettopp NGIR til å ta hand om avfallet sitt.






Foto: NGIR

NGIR og miljøet

NGIR driv miljøarbeid på mange plan.

Gjennom haldningsskapande arbeid freistar selskapet å spreia kunnskap om korleis forbruket vårt av ting påverkar til dømes klimaet gjennom energibruk og forureining knytt til produksjon av varer.

Ved å leggja til rette for avfallssortering og gjenvinning syt NGIR for at ressursane i avfallet vert best mogleg utnytta. Dette er eit viktig miljøtiltak, som reduserer energibruken og forureininga knytt til framstilling av nye produkt, og som reduserer forbruket av ikkje-fornybare ressursar. I tillegg vert forureininga frå avfallet redusert, ved at miljøskadelege stoff vert sorterte ut og teke hand om på forsvarleg vis.

Trass i at nesten alt avfall no går til gjenbruk, til materialgjenvinning, eller til forbrenning med energiutnytting, vil avfallet som allereie er deponert i Kjevikdalen gje utslepp i mange år framover. NGIR overvakar både sigevatn og resipient, og samlar opp og brenn metangass. NGIR har ansvar for etterdrift av deponiet i 30 år etter at deponeringa er avslutta.

NGIR og lokalsamfunnet

NGIR ønskjer ikkje berre å vera ein passiv motakar av avfall. NGIR vil vera ein aktiv aktør i lokalsamfunnet – særleg i haldningsskapande arbeid knytt til avfallsreduksjon og gjenvinning.

NGIR inviterer skuleklassar til undervisning på avfallsanlegget i Kjevikdalen, og formidlar undervisningsmateriell om kjeldesortering og gjenvinning til skulane.

NGIR samarbeidar med ein del friviljuge lag og organisasjonar, og legg til rette for at dei arbeidar for miljømessig betre avfallsløysingar i eigen organisasjon og/eller overfor sine medlemmar/målgrupper/publikum.

Strandrydding i Solund 2015



NGIR som arbeidsgjevar

For å kunna gjera ein god jobb for kundane våre, er NGIR avhengig av dyktige og engasjerte medarbeidarar. NGIR har mange tilsette som har vore trufaste i selskapet gjennom mange år. Noko fornying kan gje nye hovud som tenkjer nytt, men for stor utskifting fører til mykje opplæring og mangel på kontinuitet. For NGIR er det difor viktig å freista å vera ein attraktiv arbeidsgjevar.

I tillegg til å tilby konkurransedyktig løn og pensjonsordningar, legg NGIR vekt på å ha fleksible arbeidstidsordningar, moglegheit for utfordrande arbeidsoppgåver og utvikling i arbeidet, og å arbeida for eit godt arbeidsmiljø – både fysisk og sosialt. NGIR har vore IA-verksemnd sidan 2003.

Personale og arbeidsmiljø

NGIR hadde i 2015 eit sjukefråver på 4,8 %, mot 4,1 % siste 3 år. Gjennomsnittleg sjukefråvær mellom tilsette i NGIR sine eigarkommunar var til samanlikning på 10,2 % i 2015. Lågt sjukefråver over fleire år tydar på at NGIR har lukkast i å skapa eit godt og inkluderande arbeidsmiljø.

Om lag 1/3 av dei tilsette hjå NGIR er kvinner. NGIR trur at ei blanding av begge kjønn, og variasjon i alder, er viktige faktorar for eit godt arbeidsmiljø. Ved nytilsetjingar i selskapet vert difor også desse faktorane teke med i vurderinga.

I NGIR sitt styre er 3 av 5 medlemmar kvinner, medan 7 av 19 medlemmar i representantskapet var kvinner i 2015.



Ytre miljø

Gjennom drifta har NGIR diverre negativ verknad på ytre miljø på fleire måtar. Dette er umogeleg å unngå, men ein freistar å arbeida med forbetringar på alle område.

Utslepp til luft kjem frå bilar og maskiner som er naudsynte i avfallshandsaminga, samt frå gassanlegget som syg ut og faklar gass frå deponiet i Kjevikkalden. NGIR set krav om at både eigne og kontraktørar sine køyretøy skal tilfredsstilla dei strengaste krava frå EU for utslepp av avgassar.

Gassanlegget har vore svært ustabilt dei siste åra. I andre halvår 2015 vart det utført reparasjonar på styringa av anlegget, og dette ser ut til å gje betre resultat. Gassanlegget er likevel meir ustabilt enn ynskeleg, og krev meir oppfølging enn tidlegare.

I september hadde NGIR brann i omlastingshallen, der omlag 40 tonn restavfall brann opp og førte til utslepp av branngassar.

Utslepp til vatn skjer gjennom sigevassleidninga som leiar sigevatnet til 25 meters djup i Lurefjorden. NGIR har enno ikkje fått realisert bygging av anlegget som skal reinsa sigevatnet. Arbeid med ny reguleringsplan vart fullført i meldingsåret, og det står att berre grunnverv før ein kan starta bygging av reinseanlegget. Det ser ut til å vera ei positiv utvikling i samansetjinga av sigevatnet, der analysane viser nedgong i konsentrasjon av ei rekkje stoff i 2015.

Siste resipientundersøking (2013) førte til ei risikovurdering (2014) av moglege verknader på human helse. Mattilsynet har sett på risikovurderinga, og levert rapport i 2015. Det var ingen einskilde verdiar som gav alarmerande resultat, men tal på fisk som vart undersøkt var for lågt til at Mattilsynet ville gje uttale i høve mattryggleik. NGIR vil vurdere å gjera ei eiga undersøking kring mattryggleik ved neste resipientundersøking.


Rapport frå NGIR sin sikkerheitsrådgevar viser at det ikkje har vore uhell med, eller utslepp av, farleg avfall i 2015.

NGIR rapporterar alle sine utsleppsdata til miljømyndigheitene.

Avfallsmengder og gjenvinningsgrad

I 2015 leverte kvar innbyggjar i gjennomsnitt 517 kilo avfall til NGIR, mot 496 kilo i 2014 og 485 kilo i 2013. Den samla avfallsmengda som NGIR tok imot frå hushald og hytter auka med 5,8 % frå 2014 til 2015, medan mengda per person auka med 4,2 %. Mengda kjeldesortert avfall auka meir enn mengda restavfall, og gjenvinningsgraden gjekk difor opp frå 54,6 % i 2014 til 55,4 % i 2015.

Grafen under syner utviklinga i levert mengde avfall per person for perioden 2006-2015, fordelt på restavfall og kjeldesortert avfall.



Innanfor det kjeldesorterte avfallet var den prosentvise auken størst for skrapmetall, som auka med 13 % frå 2014 til 2015. For dei andre kjeldesorterte fraksjonane låg auken på kring 6 %, med unntak av mengda papir/papp/drikkekartong/plastemballasje, som var tilnærma uendra frå 2014 til 2015.

Auken i restavfall var knytt til avfall levert på gjenvinningsstasjonane og vår-/haustryddingane (+ 6,8 %) og avfall levert i hyttekonteinarene (+ 5,6 %).

Mengda restavfall levert i dunkane heime hjå folk var uendra frå 2014 til 2015.

Oppstillinga under syner kor mykje kvar innbyggjar i snitt leverte av dei ulike avfallsfraksjonane i 2015.

Restavfall:	231	kg/innb.
Trevyrke:	111	kg/innb.
Papir/papp/drikkekart./plastemballasje:	59	kg/innb.
Matavfall:	47	kg/innb.
Metall:	27	kg/innb.
EE-avfall:	13	kg/innb.
Avfall sortert til deponi:	12	kg/innb.
Glas-/metallemballasje:	10	kg/innb.
Farleg avfall:	5	kg/innb.
Klede:	0,6	kg/innb.


Frå april 2010 slutta NGIR å deponera nedbrytbart restavfall. I 2015 vart difor berre litt over 2 % av avfallsmengda frå hushalda lagt på deponiet i Kjevikdalen. Resten gjekk anten til gjenbruk, til materialgjenvinning, eller til forbrenning med energiutnytting.

I 2015 heimekomposterte 29 % av hushalda i NGIR-regionen matavfall sitt, medan 71 % hadde biodunk. Fem år tidlegare var det 36 % som hadde kompostbinge. Trass i nedgongen, er NGIR-innbyggjarane framleis mellom dei i landet som er ivrigast til å heimekompostera.

Som det går fram av figurane på neste side, vart om lag 34 % av restavfallet (i vekt) levert via dunkane heime hjå folk, medan 46 % vart levert til NGIR sine gjenvinningsstasjonar eller vår-/haustryddingane. 20 % hamna i hyttekonteinarene. Det har berre vore mindre endringar i denne fordelinga dei siste åra.

Gjenvinningsstatistikk for husholdsavfall


Restavfall
gjenvinningsstasjoner
4 075 tonn (46 %)



Restavfall hytter
1 805 tonn (20 %)

Restavfall
8 901 tonn (45 %)

Restavfall dunkar
3 021 tonn (34 %)




Reine massar til deponi
460 tonn (4 %)

Farleg avfall
206 tonn (2 %)

Kjeldesortert avfall
11 046 tonn (55 %)

Trevyrke
4 286 tonn (39 %)



Papp/papir/plast/drikkekartong
2 295 tonn (21 %)

Matavfall
1 830 tonn (16 %)

Glas-/metallemballasje
401 tonn (3 %)

Metall
1 057 tonn (10 %)

EE-avfall
511 tonn (5 %)

Rekneskap 2015

Rekneskapen for 2015 er gjort opp med eit underskot før skatt på kr 553 854. Resultat etter skatt er - kr 1 092 517.

Driftsinntektene var 95,1 millionar kroner, noko som er ein nedgong på 6,4 % frå 2014.

Driftskostnadene utgjorde 95,7 millionar kroner, ein auke på 3,3 % frå 2014.

Rekneskapen er lagt fram under føresetnad om framleis drift.

Driftsinntekter

Driftsinntektene var 95,1 millionar kroner, noko som er 0,2 millionar (0,2 %) mindre enn budsjettert.

Inntektene frå hushald var kr 52 000 (0,1 %) høgare enn budsjettert.

Inntektene frå næring var kr 926 000 (2,7 %) lågare enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak mindre mengder blanda avfall frå næringsverksemd.

Inntektene frå slam var kr 975 000 (15,1 %) høgare enn budsjettert, grunna fleire tømte kommunale avskiljarar enn rekna med.

Inntektene frå bilvrak hadde eit negativt avvik på kr 293 000 (13,6 %). Avviket skuldast færre bilar til vraking og lågare pris på skrapjern.

Driftskostnader

Driftskostnadene utgjorde 95,7 millionar kroner. Dette er 1,6 millionar (1,7 %) lågare enn budsjettert.

Driftskostnadene for hushald var kr 433 000 (0,8 %) høgare enn rekna med. Dette skuldast mellom anna auka vedlikehaldskostnader.

Driftskostnadene for næring var kr 1 664 000 (5,0 %) lågare enn budsjettert. Avviket skuldast i hovudsak mindre avfallsmengder, avvikling av deponiavgift og mindre pengar nytta til ryddeaksjonar enn budsjettert.

Kostnadane for slam var kr 433 000 (5,7 %) lågare enn budsjettert grunna at ein ikkje investerte i planlagt utstyr for slamhandsaming.

Kostnadene for bilvrak var kr 44 000 (2,5 %) høgare enn budsjettert, hovudsakleg grunna auka bruk av personellressursar.

Finanspostar

Netto finanskostnader hadde eit negativt avvik på kr 97 000 på grunn av at innskotsrenta gjekk meir ned enn lånerenta.

Resultat 2015

Resultata (etter skatt) frå dei ulike områda er vist nedanfor:

	Resultat	Budsjett	Avvik
Hushald:	-2 064 000	-1 596 000	-468 000
Verksemd:	641 000	463 000	178 000
Slam:	268 000	-1 177 000	1 445 000
Bilvrak:	63 000	426 000	-363 000
Sum	-1 093 000	-1 884 000	791 000

Resultata frå hushald og slam vert korrigert for alternativkostnad. Alternativkostnad vert utrekna ved å multiplisera historisk kostnad / netto anleggskostnad samt tomtekostnad (fråtrekt tidlegare års avskrivningar) med kalkylerenta. Kalkylerenta vert sett lik 5 års swaprente, med eit tillegg på 0,5 prosent. For 2015 utgjer den 1,94 %. Sjå note 12 for utrekning av alternativkostnad.

NGIR har i 2015 investert i varige driftsmidlar for 1,5 millionar kroner. Investeringane er spesifisert i note 3 til rekneskapen.

Langsiktig gjeld per 31.12.15 er kr 47 304 000, ein reduksjon på kr 1 556 000 frå 2014. Eigenkapitalprosenten auka frå 54 % til 56 %.


Forplikingane til etterdrift ført som langsiktig gjeld auka med kr 745 000, medan pensjonsforplikingane auka med kr 1 675 000. NGIR hadde per 31.12.15 ei langsiktig lånegjeld på kr 33 787 500.

Rekneskapen gir eit rettvissande bilete av eigarar og gjeld, finansiell stilling og resultat.

Det er ingen forsknings- eller utviklingsaktivitetar bokført i 2015.


Fordeling av inntekter og kostnader

Inntekter



- Bilvrak (2 %)
- Hushaldsavfall (51 %)
- Næringsavfall (25%)
- Septikslam (8 %)
- Leigeinntekter (2 %)
- Sal av gjenvinnbart materiale (7 %)
- Sal av stein (4 %)
- Renteinntekter (1 %)

Kostnader



- Handsaming av avfall (6 %)
- Transport inn (29 %)
- Transport ut (9 %)
- Personalkostnader (27 %)
- Avskrivningar (10 %)
- Andre driftskostnader (19 %)

Resultatrekneskap

	Note nr.	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	Rekneskap 2014
DRIFTSINNTEKTER				
Handsamingsinntekter		43 478 761	46 137 000	50 066 753
Transportinntekter		36 284 818	35 190 000	34 221 194
Salsinntekter		13 034 290	12 018 000	14 916 977
Leigeinntekter		2 155 055	1 818 000	2 084 154
Andre driftsinntekter		111 747	94 000	237 084
SUM DRIFTSINNTEKTER		95 064 671	95 257 000	101 526 164
DRIFTSKOSTNADER				
Vareforbruk		2 801 572	1 414 000	1 988 920
Handsaming av avfall		5 641 544	5 597 000	5 602 381
Steinuttak		2 518 781	2 432 000	3 269 077
Transport inn		28 025 371	28 559 000	26 673 050
Personalkostnader	2, 8	25 765 720	25 212 000	21 353 541
Avskrivningar	1, 3	9 770 379	10 695 000	9 586 937
Transport ut		8 881 970	10 484 000	10 537 007
Deponiavgift		0	744 000	722 869
Reparasjon og vedlikehold		4 179 948	3 123 000	3 767 693
Andre driftskostnader	10	8 102 854	7 794 000	9 108 461
SUM DRIFTSKOSTNADER		95 688 136	97 308 000	92 609 935
DRIFTSRESULTAT		-623 465	-2 051 000	8 916 229
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER				
Finansinntekter		702 855	910 000	1 391 948
Finanskostnader		633 243	743 000	837 279
NETTO FINANSPOSTAR		69 612	167 000	554 670
RESULTAT FØR SKATT		-553 854	-1 884 000	9 470 898
Skattekostnad	11	538 663	0	2 762 976
RESULTAT ETTER SKATT		-1 092 517	-1 884 000	6 707 923
		Disponering	Sum etter disp.	
Bruk av utjamningsfond hushald	12	-2 901 305	2 900 631	
Avsetning til utjamningsfond slam	12	314 832	3 021 756	
Avsetning til etterdriftsfond resultatdisp.	10	1 493 957	14 329 016	
Sum disponering	10	-1 092 517		

Balanse per 31.12.

EIGNELUTAR	Note nr.	2015	2014
VARIGE DRIFTSMIDLAR			
Bygg, anlegg, tomter	3	50 881 099	54 294 770
Maskiner	3	6 453 385	9 654 809
Utstyr	3	8 806 482	10 577 941
Aksjar	6	639 732	579 830
SUM ANLEGGSMIDLAR		66 780 698	75 107 350
OMLAUPSMIDLAR			
Varelager og forskot til leverandører	9	3 423 629	5 902 667
Kortsiktige fordringar	7	11 45 2835	14 468 612
Kontant, bank	4	52 239 818	47 228 402
SUM OMLAUPSMIDLAR		67 116 283	67 599 681
SUM EIGNELUTAR		133 896 981	142 707 031
GJELD OG EIGENKAPITAL			
EIGENKAPITAL			
Interessemidler	4	100 000	100 000
Opparbeidd eigenkapital	4	45 681 212	46 590 346
Miljøfond	4	9 500 000	9 500 000
Utjamningsfond hushald	4	2 900 631	5 801 936
Utjamningsfond slam	4	3 021 756	2 706 924
Etterdriftsfond resultatdisponering		14 329 016	11 925 924
SUM EIGENKAPITAL		75 532 613	76 625 130
LANGSIKTIG GJELD			
Pensjonsforpliktingar	8	3 251 049	1 576 139
Etterdriftsfond rekneskapsavsetning	10	10 265 137	9 520 562
Lån i Norges Komunalbank	5	33 787 500	37 762 500
SUM LANGSIKTIG GJELD		47 303 686	48 859 201
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		7 719 548	11 194 166
Arb.gj.avg., skatt, mva	4	630 122	1 311 622
Skattekostnad	11	538 898	2 762 976
Anna kortsiktig gjeld		2 172 114	1 953 937
SUM KORTSIKTIG GJELD		11 060 681	17 222 700
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		133 896 981	142 707 031


Kristin Handeland


Kari T. Utkilen


Vigdis Søvik


Ottar Skjelvik


Helge Fjellanger


Erlend Kleiveland

Notar til rekneskapan

Note 1 - Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapan er sett opp i samsvar med rekneskapslova. Den er utarbeidd etter norske rekneskapsstandardar og tilrådingar til god rekneskapskikk. For skildring av nytta rekneskapsprinsipp vert det vist til dei einskilde notar.

Note 2 - Tilsette, godtgjeringar m.m.

Det er registrert følgjande lønskostnader for selskapet dei siste to åra:

	2015	2014
Løn	19 022 223	17 951 587
Arbeidsgjevaravgift	3 113 337	2 506 370
Pensjonkostnader	3 320 188	460 678
Andre ytingar	309 972	434 906
Sum lønskostnader	25 765 720	21 353 541
Gjennomsnittleg tal faste årsverk	34	34

Det er i 2015 kostnadsført løn på kr 772 447, pensjonsforpliktingar på kr 125 013 og andre ytingar på kr 10 225, til saman kr 907 715, til dagleg leiar. Det er utbetalt kr 159 980 i honorar til styret og representantskapet. Det føreligg elles ingen ytingar til andre leiande personar eller eigarar. Det er for 2015 kostnadsført kr 43 000 i revisjonshonorar.

Note 3 - Driftsmidlar

	Maskiner/bilar	Utstyr	Bygg/anlegg/tomter
Ansk.kost. 01.01.	30 540 888	47 502 669	86 431 117
Tilgong i året	0	1 342 850	165 474
Avgong i året	124 500	0	0
Akkumulerte avskrivningar 31.12.	23 963 002	40 039 037	35 715 492
Bokført verdi per 31.12.	6 453 385	8 806 482	50 881 099
Årets avskrivning	3 076 924	3 114 309	3 579 145
Årets avskrivning i prosent	10-20 %	10-20 %	5-10 %
Økonomisk levetid	5-10 år	5-10 år	10-20 år
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær

Note 3 fortsatt:

Kjøp og sal av driftsmidler frå 2011 og fram til dags dato:

	2011	2012	2013	2014	2015
Tilgong	6 074 683	8 422 595	22 904 722	26 381 692	1 508 324
Avgong	18 794	63 600	90 500	535 670	124 500

Note 4 - Bundne midlar

Per 31.12.2015 hadde selskapet bundne midlar (eigenkaptialfond) på kr 29 751 402. Bundne skattetreksmidlar innestående i bank per 31.12.2015 utgjorde kr 744 602.

Note 5 - Langsiktig gjeld

Selskapet hadde per 31.12.2015 ei lånegjeld på kr 33 787 500. Restgjelda om 5 år er kr 13 912 500 ved å følgja gjeldande nedbetalingsplan.

Note 6 - Aksjar

Investeringane er rekneskapsført etter lågast verdi av kostmetoden og reell verdi. NGIR har følgjande eigardelar i selskap:

Namn	Tal aksjar	Pålydande	Kostpris	Bokført verdi
Rekom	30	15 000	15 000	15 000
Retura	60	60 000	102 000	102 000
Nordhordland Bioenergi	1	5 000	5 000	5 000
Eigenkapitalinnskott KLP				517 732
SUM				639 732

Note 7 - Kundefordringar og andre fordringar

Kundefordringar er vurdert til pålydande, redusert med avsetning for tap på krav med kr 120 000. Ingen kundefordringar forfell seinare enn eitt år.

Note 8 - Pensjonskostnader

NGIR har pensjonsordningar som omfattar alle tilsette. Pensjonsordninga er organisert gjennom ei kollektiv pensjonsforsikring. Ordninga gjev rett til ei definert framtidig yting. Denne er i hovudsak avhengig av oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytinga frå folketrygda. Forpliktingane er dekkja gjennom Kommunal Landspensjonskasse.

Netto pensjonskostnad	2015	2014
Noverdi av pensjonsopptening i år	2 794 651	2 402 127
Rentekostnad av påløpt pensjonsforplikting	856 603	1 224 884
Forventa avkastning på pensjonsmidlane	-722 007	-894 544
Resultatført verknad av estimatavvik	644 750	464 436
Aga netto pensjonskostnad	434 138	402 032
Administrasjonskostnader	149 748	118 824
Resultatført planendring	0	-2 853 852
Netto pensjonskostnad (inkl.adm.)	4 157 883	863 907

Balanse	2015	2014
Brutto påløpt forplikting	33 566 073	34 708 716
Pensjonsmidlar	-24 416 404	-21 809 280
Netto pensjonsforplikting	9 149 669	12 899 436
Arbeidsgjevaravgift	1 290 103	1 818 820
Netto forpliktingar inkl. aga	10 439 772	14 718 256
Ikkje resultatført verknad av estimatavvik	-7 188 723	-13 142 117
Netto pensjonsforplikting	3 251 049	1 576 139

Berekningsføresetnader	31.12.2015	31.12.2014
Forventa avkastning på pensjonsmidlar	3,30 %	3,20 %
Diskonteringsrente	2,70 %	2,30 %
Forventa årleg lønsvekst	2,50 %	2,75 %
Forventa årleg vekst i grunnbeløp til folketrygda	2,25 %	2,50 %

Avstemming	2015	2014
Balanseført netto forplikting 01.01.	1 576 139	3 237 678
Netto pensjonskostnad	4 008 135	745 083
Administrasjonskostnad	149 748	118 824
Arbeidsgjevaravgift	-306 835	-312 084
Forfalt premie	-2 176 138	-2 213 362
Balanseført netto forplikting 31.12.	3 251 049	1 576 139

Note 9 - Varelager

Varelager er vurdert til lågaste beløp av kostnad og verkeleg verdi.

Note 10 - Etterdriftsfond

Det er avsett kr 25 per tonn avfall som er lagt i deponiet til "Etterdriftsfond rekneskapsavsetning". Av overskotet vert det sett av kr 1 493 957 til "Etterdriftsfond resultatdisponering". Eit beløp tilsvarande kalkulatorisk rentekostnad (Kr 909 134) vert overført frå opparbeidd eigenkapital til etterdriftsfond. Samla avsetning til etterdrift skal dekkja framtidige etterdriftsforpliktingar.

Note 11 - Skattekostnad

NGIR er skattepliktig for resultatet frå den delen av verksemda som kjem frå omsetnad av næringsavfall og bilvrak. Årets skattekostnad består av:

	2015	2014
Betalbar skatt	538 898	2 762 976
Endring utsett skatt	0	0
For mykje/lite avsett i fjor	0	0
Netto skattekostnad	538 898	2 762 976
Årets betalbare skatt kjem fram som følgjer:		
Resultat før skatt næring	1 156 168	7 743 410
Resultat før skatt bilvrak	85 827	1 295 983
Midlertidige skilnader	744 575	1 193 850
Permanente skilnader	9 349	0
Grunnlag betalbar skatt	1 995 918	10 233 243

Midlertidige skilnader: 31.12.2014= -3 349 415 31.12.2015= -4 093 990 Endring= -744 575

Utsett skattefordel pr. 31.12.2015 utgjer kr 1 105 377. Alle midlertidige skilnader kan utliknast og dette er gjennomført ved beregning av utsett skatt. Selskapet har valt å ikkje balanseføra netto utsatt skattefordel. Årets endring av utsett skatt er difor lik null.

Note 12 - Sjølvkost og utjamningsfond

Resultatet frå hushald og slam vert korrigert for alternativkostnad. Alternativkostnad vert utrekna ved å multiplisera historisk kostnad/netto anleggskostnad samt tomtekostnad (fråtrekt tidlegare års avskrivningar) med kalkylerenta. Kalkylerenta vert sett lik 5 års swaprente, med eit tillegg på 0,5 prosent. For 2015 utgjer den 1,94 %.

	Hushald	Slam
Resultat	-2 063 595	kr 267 746
+ Bokført rentekostnad	345 154	6 915
- Bokført renteinntekt	361 194	11 004
- Kalkulatorisk rentekostnad*)	905 275	3 860
= Sjølvkostresultat	-2 984 909	259 797
Utjamningsfond 01.01.2015	5 801 935	2 706 924
+ Sjølvkostresultat	-2 984 909	259 797
+ Rente utjamningsfond 2015	83 604	55 034
= Utjamningsfond 31.12.2015	2 900 630	3 021 756

* Kalkulatorisk rentekostnad hushald: Gjennomsnittsverdi anleggsmiddel kr 46 663 632 x 1,94 % = kr 905 275

* Kalkulatorisk rentekostnad slam: Gjennomsnittsverdi anleggsmiddel kr 198 951 x 1,94 % = kr 3 860

Kontantstramanalyse 01.01.-31.12.

LIKVIDAR TILFØRT OG BRUKT PÅ VERKSEMMA	2015	2014
Tilført frå årets verksemd*)	8 677 862	16 294 860
Endring i debitorar	3 015 777	-2 928 758
Endring i leverandørgjeld**)	-3 474 618	-3 839 121
Endring i kortsiktig gjeld	-2 687 400	3 768 002
Endring i ferdigvarer	2 479 038	-2 612 649
A=NETTO LIKVIDITETSEMDRING FRÅ DRIFT	8 010 658	10 682 333
LIKVIDAR TILFØRT OG BRUKT PÅ INVESTERINGAR		
Investeringar i varige driftsmidlar	-1 508 324	-26 381 692
Sal av varige driftsmidlar	124 500	535 670
Endring i aksjar og eigenkapitalinnskott	-59 902	-55 483
B=NETTO LIKVIDITETSEMDRING FRÅ INVESTERINGAR	-1 443 726	-25 901 505
LIKVIDAR TILFØRT OG BRUKT PÅ FINANSIERING		
Endring i interessekapital	0	0
Opptak av nye lån	0	39 750 000
Pensjonsforplikting 01.01.	-1 576 139	-3 237 678
Pensjonsforplikting 31.12.	3 251 049	1 576 139
Avsetning til etterdriftsfond	744 575	1 193 850
Nedbetaling av gamal gjeld	-3 975 000	-1 987 500
C=NETTO LIKVIDITETSEMDRING FRÅ FINANSIERING	-1 555 515	37 294 811
A+B+C = NETTO ENDRING I LIKVIDAR GJENNOM ÅRET	5 011 417	22 075 639
Likviditetsbeholdning 01.01.	47 228 402	25 152 763
= Likviditetsbeholdning 31.12.	52 239 818	47 228 402
*) Tilført frå årets verksemd:		
Resultat før årsoppgjersdisposisjonar	-1 092 517	6 707 923
+ Avskrivningar	9 770 379	9 586 937
Sum tilført frå årets verksemd	8 677 862	16 294 860

***) Auke i leverandørgjeld - auke i forskot til leverandørar

Til representantskapet i

NGIR IKS

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen
Vi har revidert årsrekneskapen for NGIR IKS som viser eit underskot på kr 1 092 517. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2015, resultatrekneskap, oppstilling over endringar i eigenkapital og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen
Styret og dagleg leiar er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til NGIR IKS per 31. desember 2015, og av resultatata og kontantstraumar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk i Noreg.

Utsegn om andre tilhøve

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, foresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til dekning av underskot er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Isdalstø, 2. mai 2016
Nordhordland Revisjon IKS


Reidar Bjørsvik
Revisjonssjef

Representantskap 2015



Austrheim:
Liv Ulvøy
Magnus Kvingedal



Meland:
Atle Håtuft
Ragnar Bratland



Fedje:
Roy Asle Tungeland
Hilde Koppen



Modalen:
Inga Jorunn Nåmdal
Terje Nygard



Gulen:
Stein Inge Larsen
Jenny N. Nordal



Radøy:
Dag Sætre
Marianne T. Osa



Lindås:
Nina Stabell Øvreås
Leif Hosøy Sleire
Ståle Juvik Hauge



Solund:
Sveinung Kråkås
Gunn Åmdal Mongstad



Masfjorden:
Egil Kvingedal
Ragnvald Tangedal

Leiar i representantskapet:
Sveinung Kråkås

Nestleiar:
Nina Stabell Øvreås



Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap,
Lindåsvegen 1260, 5956 Hundvin
www.ngir.no